



Tor Vidar Sæle orienterte på Venstremøtet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter ei auke frå under 30 for 3 år sidan er det no nesten 50 ansatte på AFA og 8 av dei er i staben.

Det opplyste dagleg leiar Tor Vidar Sæle då han orienterte i forkant av Venstremøtet på AFA måndag.

Sæle presiserte: - Våre folk er ansatt som deg og meg, på like vilkår og med eit strengt arbeidsreglement.

Men vi må vera litt 'runde i kantane'. Det spelar ingen rolle om ein lagar ein eller 10 krakkar om dagen.

Alle må gjennom NAV-systemet og dei kan vera både for gode eller for dårlege til å vera på AFA.

Sæle streka også under at også AFA er avhengig av gode produkt og at folk vil kjøpa dei.

Eit anna viktig punkt er å få folk til å stola på seg sjølv.

Vaskeriet er nytt og lovande og dei vaskar til dømes for verksemder, skular og skipsverft.

- Det går bra, men vi kan ta fleire oppdrag, sa Sæle.

Om palleproduksjonen for Vikingfjord sa han at den er viktig fordi den i motsetnad til andre produkt ikkje er sesongbetont.

Alle var einige då møteleiinga formulerte seg slik:

- AFA er ein mønsterbedrift, som vi er stolte av.

Av Ola Matti Mathisen